

Farleg glatt både her og der?

21.12.2010



SPAR:- Vi har strødd

**Meldingar frå fleire tyder på at nokre uskedelingar forsømmer seg med omsyn til strøing på eigen grunn.**

**uskedalen.no har motteke klager både på Auto 88 og SPAR og klagarane minnar om kven som har ansvaret hvis nokon fell og skadar seg. Det er dei som ikkje har strødd!**



Auto 88: - Vi har strødd

Om Auto 88 har vi motteke denne ytringa:

- Auto 88 burde ta seg saman og gjera noko for at folk skal kunna føta seg!  
Finst ikkje eit sandkorn, kun klink is på stasjonen og til og frå gangveg.  
Dette er latskap!

Både Auto 88 og SPAR stillar seg overfor uskedalen.no uforståande til at det skal ha vore eller er spesielt glatt på deira område. Dei meiner dei har vore flinke til å strø ved behov.

Den ansvarlege ved Auto 88 viser til at han strødde med kaliumsklorid i dag tidleg.  
- At det snødde etterpå kan eg ikkje hjelpa for, seier han.

Av Ola Matti Mathisen